



Biletet er teke då Harald Sætre signerte boka på Husnes i november.

**Førstkommende onsdag, den 2.desember, har Uskedal Utvikling det siste opne møtet i 2015. På sakskartet for møtet er det i hovudsak 2 punkt. I det eine møter vi Harald Sætre som nyleg gav ut ei ny bok, og i det andre skal handlingsplanen for arbeidet til Uskedal Utvikling det komande året drøftast. Møtet er i Gamleskulen kl.19.**

Ei ny bok frå Harald Sætre og Kapabel forlag er no ute. I fjor kom boka om ferjene, ferjeruter og ferjekaiane, 'Fram og tilbake over fjorden' ut. Oppfølgjaren 'Fram og tilbake til by'n' er no i salg, og den handlar HSD sine båtruter med gods og passasjerar. Boka er blitt svært godt motteken, interessa er stor og salget går godt. UU er svært glade for at forfattern vil koma til møtet å fortelja om arbeidet med boka. Boka er å få kjøpt hos bokhandlarane i Rosendal og på Husnes.

Den andre saka på møtet er også viktig. Då skal handlingsplanen i UU for 2016 drøftast. Derfor er møtet rette tidspunktet for å koma med gode innspel til kva Uskedal Utvikling skal arbeida med framover.

Uskedal Utvikling håpar at mange tar turen til Gamleskulen onsdag kl.19.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland  
Foto: Kristian O. Bringedal